

Referat frå møte med Sundsbarm kraftverk 11. januar 2013

Bakgrunn:

Opning av revisjonssak for Sundsbarm kraftverk; dialog med konsesjonær, gjennomgang av dei ulike elementa i det regulerte vassdraget.

Til stades:

Frå Sundsbarm kraftverk: Øystein Kildal og Magne Wrå.

Frå Styringsgruppa for vilkårsrevisjonen: Olav Bjørn Bakken, Magne Skarprud, Jørn Ingar Sanda, Anita Cecilie Kirkevold. Helge Kiland møtte som prosjektleiar.

Magne Wrå innleidde ved å vise til Vinstrarevisjonen, Ot.prp. 50 (1991-92) og Retningsliner for revisjonssaker (OED 2010). Han meinte Sundsbarmkonsesjonen er nokså ulik Tokke-Vinje, idet det for Sundsbarm er gjennomført ei rekke underskjønn og overskjønn med miljøvinkling heilt fram til 1982. Dette er gjort under eit anna regime enn på den tida Tokkekonsesjonen blei gitt. Revisjonen skal avgrensast til skader og ulemper som ikkje var vurdert på konsesjonstidspunktet og som heller ikkje har vore behandla i privatrettslege skjønn. Han såg derfor ikkje noko behov for revisjon av konsesjonsreglementet for Sundsbarm og meinte elles dei hadde følgd alle pålegg som var gitt.

Ulike delar av utbygginga blei gjennomgått og oppdatert, med utgangspunkt i oversikt frå Helge Kiland. Det blei også orientert om den pågåande revisjonsprosessen for Tokke-Vinje konsesjonen. Kontaktperson for Sundsbarm er Magne Wrå.

Styringsgruppa vil invitere til grendemøte i Høydalsmo, Morgedal, Langlim og i Seljord. Helge Kiland kjem med forslag til datoar for møta, som bør haldast i februar. Jørn Ingar Sanda drøftar møta med ordførar Solveig Abrahamsen. Helge Kiland lagar informasjon som blir lagt ut på dei kommunale heimesidene og i Vest-Telemark Blad.

Fyresdal, 14.1.2013.



Helge Kiland

Vedlegg:

Oversikt over vassførekomstar i Sundsbarmkonsesjonen